

Statsråd Ketil Solvik-Olsen [kso@sd.dep.no](mailto:kso@sd.dep.no)

Kopi:

Liv Signe Navarsete [liv-signe.navarsete@stortinget.no](mailto:liv-signe.navarsete@stortinget.no)

Bjørn Lødemel [bjorn.lodemel@stortinget.no](mailto:bjorn.lodemel@stortinget.no)

Sveinung Rotevatn [sveinung.Rotevatn@stortinget.no](mailto:sveinung.Rotevatn@stortinget.no)

Ingrid Heggø [ingrid.heggo@stortinget.no](mailto:ingrid.heggo@stortinget.no)

Hans Fredrik Grøvan [hans-Fredrik.Grovan@stortinget.no](mailto:hans-Fredrik.Grovan@stortinget.no)

Stryn 02.11.2014

## Høyringsuttale vedrørende forslag til kutt i laurdagsdistribusjon for Posten

Mange av avisene i Sogn og Fjordane nyttar laurdag som ein av sine utgjevingsdagar. Det same er situasjonen i Møre og Romsdal og Hordaland. Fleire av avisene nyttar Posten som einaste distributør. Andre nyttar Posten til å distribuere delar av opplaget.

For alle som har laurdagsavis vil det vere katastrofalt dersom Posten ikkje lenger skal distribuere på laurdagar. Alternativet med å setje inn lokal postdistribusjon på laurdagar på stader med laurdagsaviser, vil heller ikkje vere fullgodt. Faktum er nemleg at alle lokalaviser har ein stor del av abonnementsmassen sin utanfor dekningskommunane. Det er ikkje unormalt at rundt 30 prosent av opplaget vert sendt til abonnentar som bur utanfor dekningskommunen.

Også for aviser som kjem ut fredag er laurdagsdistribusjon viktig, av den enkle grunn at det slett ikkje er alltid Posten klarer å få lokalavisene ut den dagen dei skal. Når fredagsavisa vert ein dag forseinka, er laurdag neste sjanse for å få avisa. Vert laurdagsdistribusjonen kutta, vil måndag vere neste moglege dag. Altså bortimot ei halv veke etter at avisa skulle ha kome ut.

Papiraviser utgjer framleis rundt 95 prosent av distribusjonen for lokalavisene. Det vil gå mange år før andelen e-avis vert så stor at bransjen kan akseptere kutt i Posten sin laurdagsdistribusjon. Vi kan ikkje godta at kutt i distribusjonen skal hindre lokalaviser og andre aviser i å kome ut. Avisene fyller ein viktig samfunnsrolle. Posten må fylle si samfunnsrolle som handlar om å distribuere det frie ord og dermed bidra til at avisene som ein av dei viktigaste institusjonane i vårt demokratiske samfunn kan kome ut når dei skal.

Einaste måte å ivareta dette, er å behalde ordinær laurdagsdistribusjon for Posten Norge.

Med helsing Sogn og Fjordane Avisforeining

Bengt Flaten  
leiar

-sign-

Erling Wåge  
styremedlem

-sign-

Svend Arne Vee  
styremedlem